

Å Vestland, Vestland

Tekst: Tore Ørjasæter. Mel.: Sigurd Førsumd

Å Vestland, Vestland! Når eg ser deg slik
med fagre fjell og fjord og tronge vik,
det stig i all sin venleik stort og vilt
og atter møter meg så mjukt og mildt.

Og som det for mitt syn er dimt og dult,
det opnar seg eit utsyn yndefullt;
igjennom tunge sky og skoddehav
den blide fjorden ser eg blånen av.

Og gleda strøymer i meg still og stor
med glans av bjørkeli og blåe fjord.
Og i meg sjølv eg kjenner dypter av
den stille skogen og det store hav.

Min lette båt ein solblank kveld eg ror,
sjå fjell og himmel sym på stille fjord,
og djupe dalen med sitt grønne fang,
som skin av lauv og blom frå li og vang.

Sjå skuggane som kliv dei kvasse fjell,
lik dagsens timar tøyser seg mot kveld.
Det sveiper seg om tind og tronge dal
eit draumeslør av sommarnatti sval.



Sommartreffet 2018



Takk til sponsorar:



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Printfarm.no

av Skrivargarden AS

Foto Lars Lunde

Operahuset Nordfjord

Scandic Nordfjord hotell



Pensjonistforbundet

Operahuset Nordfjord
26.juni

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane



Baste Bolstad.
Foto: Ingvild
Siglen Berger

Program



Oppmøte kl 11.00.
Middag blir servert i foajeen kl. 11.30.


Del 1: Operasalen kl. 13.00–14.30

- Opning av Sommartreffet 2018
Per Kjelstad, fylkesleiar
- Ord for dagen
Jostein Midtbø, Eikefjord pensjonistlag
- Velkommen til Eid kommune
Alfred Bjørlo, ordførar i Eid
- Allsong: «Dei gamle fjelli»
- Gjesteartist 2018 - Baste Bolstad
Stand up komiker
- Song og musikk
Ingeborg Myklebust, Sunniva Brekke og Ingrid Espe

Pause med kake og kaffe i foajeen kl. 14.30–16.00.

Del 2: Operasalen Kl. 16.00-17.00

- Song og musikk
Vilde Hjelle og Anna Naustdal frå MGP jr.
- Kåseri: *Professor Jørgen Amdam, ordførar i Volda*
- Avslutning av Sommartreffet 2018
- Allsong: «Vestland, Vestland»



Jørgen Amdam

Med atterhald om endringar i programmet.

Dei gamle fjelli

Tekst og melodi: Ivar Aasen

Dei gamle fjell i syningom, er alltid eins å sjå,
med same gamle bryningom og same toppom på.
I bygdom byggja sveinane, og huset stender laust;
men dei gamle merkesteinane, dei standa like traust.

På fjellom er det leikande å ganga til og frå
og kringom toppen reikande so vidt om land å sjå:
til havet kringom strendene med skip som fuglar små,
og til fjelli kringom grendene med tusen bakkar blå.

Det er so mange hendingar i bygdom komne til;
me sjå so mange vendingar alt på eit lite bil.
Dei hava snutt om vollane og flutt og rudt og bygt;
men dei gode gamle kollane, dei standa like trygt.

So stod dei gjennom tidene, vel mange tusen år;
og graset voks om liene, og lauvet kom kvar vår;
og vinden tok om toppane og vatnet tok om fot;
men dei gilde gamle kroppane, dei toko traust imot.

Av hav kom sjømann sigande, og lengta etter land,
då såg han fjelli stigande, og kjendest ved si strand.
Då kom det mod i gutane, som såg sin fødestad.
Ja dei gode gamle nutane, dei gjera hugen glad.



Vilde og Anna